

NOU 2010:8

Med forskertrang og leikelyst

Høyringsuttale frå Ullensvang herad

Del III Vurderingar og anbefalingar

Formålet med utvalgets arbeid

Ullensvang herad meiner at det er på høg tid at alle førskuleborn vert sikra eit systematisk pedagogisk tilbod av høg kvalitet, og meiner at stortingsmelding nr 41 og utvalet si innstilling ”Med forskertrang og leikelyst” er to viktige verkty i denne retninga.

Samfunnsutviklinga dei siste tiåra har ført til at barnehagen utgjer store deler av førskuleborna sin sosiale arena. Dette har ført til at ansvaret for omsorg, oppdraging og læring også for førskuleborn gradvis har gått frå den private mot den offentlege verda. Kvaliteten i det tidlege samspelet er utgangspunkt for vidare utvikling av personlegdommen, samhandling inneber alltid ei form for kommunikasjon. Objektrelasjonsteorien hevdar at behovet for relasjonar hjå små born er like viktig som behovet for mat og drikke. På bakgrunn av dette meiner me at utvalet sitt fokus på å sikra alle førskuleborn erfaringar frå samvær med andre born i eit sosialt nettverk, kjennskap til omgrep og grunnleggjande språkdugleik og kvalifisert personale er viktige tema for kvalitet i førskulealder.

Ein bør difor ha som mål å sikra at alle førskuleborn får delta i eit systematisk pedagogisk tilbod med fokus på sosial kompetanse, kommunikasjon, tidleg innsats og førebuing til skulestart.

12.1 Obligatorisk barnehage

I rapporten frå utvalet står det at fleire av medlemene meiner at det er mange gode argument for å innføra obligatorisk barnehage på lik linje med obligatorisk skule, men det krev at **kvaliteten på innhaldet i barnehagen må verta** betre og at **pedagogtettleiken må verta høgare**. Utvalet har difor valt at barnehagetilbodet framleis skal vera frivillig. Ullensvang herad er eining i krava om å auka kvaliteten på innhaldet og å auka pedagogtettleiken, men rår til at det vert fortgang i arbeidet med å få dette på plass.

Slik tilbodet er i dag kan føresette sine ressursar avgjera om borna går i barnehage eller ikkje. Ei utsett gruppe er då born som har foreldre med dårleg økonomi, foreldre som rusar seg eller foreldre med psykiske problem. Altså born som gjerne ikkje får den omsorga dei treng hjå primæromsorgspersonane, born som alt er faresona. Det vil seia at slik systemet er i dag vert ei utsett gruppe born gjerne stilt utanfor det eksisterande tilbodet på grunn av at foreldra ikkje er i stand til å prioritera borna av ulike grunnar. Ullensvang herad rår til at utvalet arbeider for å sikra desse borna eit systematisk pedagogisk tilbod, eit tilbod som kan vera med på å gi alle borna omsorg og ei trygg tilnyting, og dermed eit grunnlag for utvikling og læring i eit kunnskapsorientert samfunn/kompetansesamfunn. Gratis barnehage er eit viktig verkemiddel. Ullensvang herad er positive til å innføra 20 timar gratis barnehage for 5-åringane. Dersom det på sikt vert innført obligatorisk tilbod til alle førskuleborn, bør det vera eit gradert timetal pr. veke slik at foreldra framleis har ein viss grad av fridom til å velja å ha borna heime under eiga omsorg også på dagtid. På den måten vil barnehagen kunna få kjennskap til alle borna og eventuelt kunna oppdaga born som lever under ei eller anna form for omsorgssvikt, eller føresette som treng rettleiing for å kunna yta god nok omsorg for borna sine. Eit tverrfagleg

team vil då kunna vurdera om einskilte born treng særskilte ordningar innanfor barnehagen eller andre faglege team.

12.2 Gratis barnehage

Utvalet går inn for å gi 20 timar gratis barnehagetilbod alle born i alderen 3 – 5 år.

Ullensvang herad er einig i utvalet si forståing av at førskuleborn er eit samleomgrep som omfattar alle born i førskulefasen, og at førskuleborn i barnehagen omfattar alle born i alderen 1 – 5 år uavhengig av funksjonsnivå og sosial bakgrunn.

Småbarnsalderen har ein verdi i seg sjølv. Samstundes ser me på førskulealderen som ei førebuing til noko anna. Det er ikkje underforstått at det som kjem seinare, altså skulen, er ein viktigare fase. Dette er fasar som bygger på kvarandre, der barnehagen utgjer store deler av førskuleborna sin sosiale arena.

Sosialiseringa er ein relasjon og transaksjon mellom kulturen og individet.

Sosialiseringprosessen inneber på den eine sida at individet identifiserer, tolkar og tilpassar seg dei samfunnsmessige normene og handlingsmønster, og på den andre sida at det redefinerer og endrar dei samfunnsmessige rammene gjennom deltaking i det sosiale livet.

Det er i sosialiseringa at individet opplever og tolkar røyndommen og prøver å skapa mening i tilværet (Askeland/Sataøen 2000).

I tilknytningsteorien og objektrelasjonsteorien er det samspelet som står i fokus, den kjenslegmessige **kvaliteten i det tidlege samspelet** er utgangspunktet for den vidare utviklinga av personlegdomen. Bilda som borna får i det kjenslegmessige samspelet, vert gradvis bygd inn i barnet sitt eige bilde av seg sjølv. Gode samspelserfaringar gir oss i stand til å meistra nye og uventa situasjonar noko sosiologen Anthony Giddings hevdar er naudsynt for å forstå og handla i framtidssamfunnet. Det tidlege samspelet dannar med andre ord grunnlag for utvikling.

Dette dannar grunnlag for at Ullensvang herad ser positivt på gratis barnehage for 5-åringane.

12.3 Organisering av tilbodet

Utvalet meiner at eit gratis systematisk pedagogisk tilbod til born i alderen 3 – 5 år må vera eit tilbod i barnehagen, ikkje eit segregert tilbod utanfor barnehagen.

Sjølv om utvalet meiner at eit gratis systematisk pedagogisk tilbod til born i alderen 3 – 5 år må vera eit tilbod i barnehagen og ikkje eit segregert tilbod utanfor barnehagen, seier utvalet at det må vera opp til kvar kommune å etablera slike tilbod, men at dette ikkje kan erstatta eit systematisk pedagogisk tilbod til alle førskuleborn (3-5år) i barnehagen. Ullensvang herad vil presisera at det er viktig at sentrale myndigheiter sikrar at eventuelle andre tilbod ikkje går ut over ressursane og kvaliteten i barnehagane. Dersom kommunane skal stå fritt til å organisera alternative tilbod, vert det viktig å sikra at desse tilboda ikkje vert i staden for barnehagen, men i tillegg til barnehagen. Me vil difor rå til ei satsing på å styrkja det ordinære barnehagetilbodet og gi alle born eit tilbod av høg kvalitet i barnehagen.

Det er store skilnadar i dei norske kommunane sin økonomi, kompetanse og satsing. For å sikra at alle born får eit likeverdig tilbod, vert det ei viktig oppgåve for sentrale myndigheiter å fylgja opp satsinga på barnehagen av god kvalitet til alle førskuleborn. Kommunane må tildelast nok og ressursar i den perioden det vil ta å etablera god praksis i høve til auka kvalitet i barnehagen.

I arbeidet med å auka kvaliteten i barnehagane, rår Ullensvang herad til at sentrale myndigheiter etablerer obligatorisk gjennomføring av ståtadsanalyse og ekstern vurdering av barnehagane. Det bør også lagast ein organisasjonsanalyse for barnehage, og etablerast ei rettleiingsgruppe som kan rettleia barnehagar i høve til å auka kvaliteten på det pedagogiske innhaldet, systematisk arbeid og organisasjonsutvikling.

12.3.1 Samarbeid med andre instansar

Ullensvang herad har alt eit tverrfagleg samarbeidsteam og har svært god nytte av dette teamet. Ei viktig utvikling for dette samarbeidet har vore endringa i lov om barnevern og barnevernet si tilbakemelding til barnehagen når dei melder bekymring til barnevernet. (*Til barnets beste- samarbeid mellom barnehagen og barnevernstenesten. Barne- og likestillingsdepartementet og Kunnskapsdepartementet*) Eit samarbeid krev kommunikasjon mellom partane i teamet.

Ullensvang herad er einige med utvalet om at alle barnehagane skal ha tilknytning til eit tverrfagleg samarbeid. Me vil samstundes påpeika at dette er eit av mange viktige tiltak som krev ressursar og tid. Ullensvang herad meiner at det er på høg tid at den pedagogiske personalressursen vert auka. I dag er den største personalgruppa ufaglærte assistentar som skal gjera eit fagleg arbeid med rettleiing frå ei lita gruppe fagpersonar, pedagogar. Dette kan vera ein av grunnane til at kvaliteten og strukturen på det pedagogiske arbeidet ikkje er så høgt som det burde vera.

12.3.2 Samarbeid med foreldra

Ullensvang herad seier seg einige med utvalet sin uttale om at barnehagen bør orientera foreldra tidleg i barnet sitt liv om kva ein barnehage er og kva oppgåver og ansvar barnehagen har for å involvera foreldra i utforming av tilbodet. Dette krev at det er tydelege føringar på kva som er oppgåvene og ansvaret til barnehagen, men det krev også at barnehagen har kompetanse og ressursar til å gjennomføra dette.

Foreldra er dei viktigaste omsorgspersonane for borna, og dermed viktige samarbeidspartar for barnehagen. Barnehagen har eit rettleiingsansvar i høve til foreldra, utvalet foreslår at dette tilbodet skal utvidast og styrkjast. Ullensvang herad er positive til dette forslaget og meiner at foreldrerettleiing kan ha førebyggjande effekt på tilknytingsvanskar og samspelsvanskar hjå born, noko som igjen kan førebygga vanskar på seinare tidpunkt.

Ullensvang herad vil i denne samanheng igjen peika på personalressursen til barnehagane. Opningstida i mange barnehagar er langt utover arbeidstida til personalet.

Ullensvang herad støtter utvalet sitt forslag om at kommunane skal laga ein plan for foreldresamarbeid og meiner at kommunane også bør ha ein plan for samarbeidet mellom barnehagen og skulen. For at desse planane skal verta gode nok i alle kommunane og sikra alle born god opplæring, bør sentrale myndigheiter laga ein mal for kva desse planane bør innehalda, rettleiingsheftet "*Frå eldst til yngst – Samarbeid og samanheng mellom barnehage og skole*" er eit godt verkty for samarbeidet mellom dei to sistnemnte partane. Det bør også koma eit rettleiingshefte for, og gjerne ein meir forpliktande mal for både foreldresamarbeidet og samarbeidet mellom barnehage og skule.

Utvalet foreslår å lovfesta kommunale foreldreutval for barnehagane. Ullensvang herad støtter dette. Foreldra har eit eige utval på barnehagenivå og på nasjonalt nivå. Eit utval på kommunalt nivå manglar i dag, og er dermed naturleg å lovfesta slik at foreldra har uttalerett og er ein naturleg representant også på kommunalt nivå.

12.4 Barnehagen sitt innhald og oppgåver

Utvalet meiner at føringane i rammeplanen må verta tydelegare og gi tilstrekkeleg kriterium eller indikatorar på kva eit godt pedagogisk tilbod skal vera. Ullensvang herad roser dette og ser eventuelt fram til at desse føringane er på plass, men me vil understreka at det er viktig at dei noverande rammefaktorane i barnehagen vert endra slik at barnehagen har ressursane og kompetansen som skal til for å kunna gjennomføra dei krava som vert stilt til det pedagogiske innhaldet i barnehagen. Dette kan føra til at barnehagen vert ein meir populær arbeidsplass og dermed kan ein unngå at så mange førskulelærarar søkjer seg vekk frå barnehagen.

12.4.1 Målformuleringar i barnehagen

Ullensvang herad støtter utvalet sitt framlegg om at målformuleringane i rammeplanen må verta tydelegare, men er noko skeptiske til at måla skal verta kunnskapsmål. Born utviklar seg i svært ulikt tempo og det er store skilnadar på kva som er normalt for så små born. Dette er det viktig å ta høgde for. Det må vera eit positivt lærings- og kompetansefokus i barnehagen, ikkje fokus på kva barnet ikkje kan. I barnehagen skal borna skal oppleva læring som noko positivt, dei skal oppleva meistring og få tru på seg sjølv og eigen verdi i samfunnet. På den måten kan ein skapa lyst til å læra meir, det er eit godt utgangspunkt for å klara seg i skulen og samfunnet elles.

I arbeidet med målformuleringar vil det vera viktig å leggja opp til rammevilkår som gir barnehagane rom for å ta vare på barnegruppa, men også det individuelle barnet.

I dagens rammeplan er born sin medverknad ein viktig faktor, men rammeplanen er ikkje tydleg på kva det vil seia for planlegging, gjennomføring og vurdering i barnehagen.

Ullensvang herad meiner at rammeplanen med fordel kan vera tydelegare på dette området. At borna sjølv får vera med å setta mål for eiga læring og utvikling bør ikkje berre vera føringar, men eit krav i ny rammeplan.

Ullensvang herad er einige med utvalet i at det er ein god balanse i barnehagen sitt innhald. Viktig innhald for born i førskulealder er som utvalet nemner, born si sosiale, emosjonelle, kognitive, språklege og motoriske utvikling, samt leik og læring. Desse områda er grunnleggande for førskulelærarane og ein viktig grunn for å auka pedagogtettleiken i barnehagane. Når det gjeld fagområda meiner me at det bør vera opning for å kunna tilsetta andre pedagogiske faggrupper. Ullensvang herad meiner at pedagogisk leiar og styrar i barnehagen må vera utdanna førskulelærarar, men me er opne for å tilsetta andre fagpersonar med pedagogisk bakgrunn. Me ønskjer å sleppa til slike faggrupper under leining av styrar og pedagogisk leiar som er utdanna førskulelærarar. Men me vil påpeika at også desse faggruppene har behov for tid til planlegging og vurdering av arbeidet sitt. Det bør leggst inn ubunden tid til dette arbeidet. Ei tid som må erstattast av andre tilsette slik at ikkje borna mister personalressurs den tida som vert nytta til planlegging, førebuing og vurdering av aktivitetar.

12.4.2 Frå plan til praksis

Tydelegare mål for barnehagen sitt arbeid kan gi rom for at barnehagane sine årsplanar kan fortelja meir om korleis barnehagane vil arbeida for å nå desse måla, metode, tidsplan og teikn på god praksis for born, føresette og personalet. Ein rammeplan med tydlege krav til årsplanarbeidet, tydelegare progresjon i borna si læring og utvikling og fokus på både formelle og uformelle læringssituasjonar i barnehagen, vil kunna verta eit godt verkty for personalet i barnehagane.

Utvalet seier at barnehagen tradisjonelt sett har vore prega av uformelle aktivitetar og frileik, kvardagsaktivitetar og andre spontane aktivitetar. Ullensvang herad støtter utvalet sin uttale om at formelle læringssituasjonar må ha likt fokus som uformelle læringssituasjonar, at borna sine initiativ skal verta ivarettatt og at fleksibiliteten i skifte mellom formell og uformell læring framleis må vera eit særtrekk og nyttast til det beste for barnet.

Ullensvang herad rår til at utvalet vurderer ekstern vurdering etter Hardanger/Voss metodikken som ein metode for hjelp i arbeidet med pedagogisk kvalitetsutvikling i barnehagen, ein metode som alt har vorte nytta i K-føth prosjektet til Udir.

12.4.3 Skuleførebuande aktivitetar

Utvalet rår til at skuleførebuande aktivitetar skal ha hovudvekt på utvikling av borna sin sosiale kompetanse, språk og andre former for kommunikasjon og at rammeplanen må vera tydelegare på innhaldet i dei skuleførebuande aktivitetane. Ullensvang herad er einige i denne

prioriteringa, og har alt sett i gang ei slik satsing. For at barnehagane skal lukkast med dette arbeidet krev det at borna har ei grunnleggande trygg tilknyting, at dei opplever tryggleik og får erfaringar i barnehagen som gir eit godt sjølvbilde og ei god sjølvkjensle. Det er difor viktig at borna opplever at dei har tilgjengelege vaksne. Vaksne som ser barnet, høyrer barnet, tolkar barnet og er eit støttande stilas for borna i barnehagen.

Eit anna viktig tema er gruppekjensla, samstundes som ein tar i vare kvart einskild barn.

Ullensvang herad meiner at tilpassa opplæring for alle born må vera eit viktig fokus, også dei flinke borna må få utfordringar.

12.4.4 Tilpassa tilbod og identifisering av born med særlege behov

For at barnehagen skal kunna identifisera born med særlege behov på ein meir systematisk måte, krev det endring i rammefaktorane. Barnehagane må ha kompetanse og tilgang til ressursar. Ullensvang herad vil at barnehagane skal ha tilstrekkeleg ressursar slik at dei kan setta inn tiltak/yta det beste for barnet i sakshandssamingstida. Ofte er det alvorlege funksjonshemmingar som utløyser ekstra støtte til barn. Me ønskjer at tiltaksnivået vert lågare ved at barnehagen kan styrkja barnegruppa med ressursar, og at ressursane til barnehagane vert slik at dei kan gi barn ekstra og førebyggjande støtte internt i barnehagen når barn har behov for det av ulike grunnar i korte eller lengre periodar.

Personalet i barnehagen

Ullensvang herad meiner det er viktig å stilla store krav til kompetansen til førskulelærarane. Det er rett med 4-årig utdanning, lønnsloft, varig system for etter- og vidareutdanning, eigen kampanje for rekruttering, leiaropplæring av styrarane og minimumskrav til formelle kvalifikasjonar hos assistentar.

Utvalet føreslår at minst 50% av dei tilsette i barnehagen må ha førskuleutdanning eller annan tilsvarende utdanning. Det er eit svært bra mål, men korleis er det tenkt gjennomført? Me manglar førskulelærarar i dag og strevar med rekrutteringa. Det er difor viktig å få utdanna fleire førskulelærarar og gje dei løn- og arbeidsvilkår slik at dei vert i stillingane sine og ikkje går over til andre yrke etter nokre år. Dersom me skal tilsetja fleire førskulelærarar, må det kompenseras for den ubundne tida til førskulelærarane. På grunn av den ubundne tida til førskulelærarane, vil ein assistent har fleire timar saman med borna enn ein førskulelærar har. Kravet til kvalitet vil gje tilsette i barnehagane fleire oppgåver enn dei har hatt tildlegare.

Oppfylging av borna med observasjon og kartlegging, tilrettelegging av pedagogiske aktivitetar og krav om auka samarbeid med foreldre, skule og ulike fagpersonar vil krevja meir tid til samarbeid. Barnehagelova og Rammeplan for barnehage 2006 stiller mange krav til kvalitet barnehagen, men personalressursen har ikkje vorte endra i takt med krava som vert stilt til barnehagen. Det har til dømes ikkje vorte gjort endringar i pedagogtettleiken eller sett av meir tid til planlegging, vurdering og organisasjonsutvikling sjølv om barnehagen har endra seg frå å vera ei tilsynsordning medan foreldra var på arbeid, til ein pedagogisk organisasjon med krav til innhald og kvalitet med fokus på omsorg, grunnleggande dugleikar, utvikling og læring. Ullensvang herad meiner at pedagogane må få meir ubunden tid, tid til planlegging, vurdering og organisasjonsutvikling. Me meiner også at alle barnehagane bør ha styrar i 100% stilling uavhengig av tal born i barnehagen, i store barnehagar bør behovet for styrarassistent vurderast. Dette kan vera med å auka kvaliteten på det pedagogiske innhaldet i barnehagen. **Norma for pedagogisk bemanning i barnehagen må endrast.**

Me er samde i at det skal vera vanskeleg å få dispensasjon frå utdanningskravet, og det må ikkje vera høve til å gje varig dispensasjon. Men når ein ikkje får tak i kvalifisert personell, må det vera mogeleg å søkja dispensasjon for ein avgrensa periode, slik at ein slepp å stengja/leggja ned ein avdeling.

Utvalet foreslår også at det vert lovfesta eit krav om barnehagefagleg kompetanse i kommuneadministrasjonen. Ullensvang herad er skeptiske til dette og meiner at det må vera opp til kvar kommune å ivareta dette. Kommunen skal gje rettleiing og sjå til at barnehagane vert drivne etter gjeldande regelverk. Dette vil verta ei større og viktigare oppgåve i åra framover for å få auka kvaliteten i barnehagane og det vil vera viktig at kommunane finn gode løysingar på denne utfordringa.

12.6 Samarbeid og sammenheng mellom barnehage og skule

Ullensvang herad har i dag utarbeidd ein årsplan for samarbeid og sammenheng mellom barnehage og skule. Planen er bygd på veiledaren ”Fra eldst til yngst”. Planen er forpliktande for barnehagane og skulane og me får gode tilbakemeldingar på dette samarbeidet. Me kjem til å tilby hospitering hjå kvarandre og kjem til å ta det med i planen neste gong han vert revidert. Me støttar også framlegget om at lærarstudentar 1. – 5. trinn har obligatorisk praksisperiode i barnehage. Sjå ellers punkt 12.3.2.

13.1 Økonomiske og administrative konsekvensar av utvalet sitt forslag

Ullensvang herad er samd med vurdringane utvalet gjer i høve til økonomiske konsekvensar. For Ullensvang herad er det viktig at kvaliteten i barnehagane vert auka. Det viktigaste for å auka kvaliteten er høgt kvalifisert personell, tid til å utføra dei pålagde oppgåvene og at det vert innført 20 timar gratis barnehage for 5-åringane. Kvalitet kostar og skal kommunane prioritera kvalitet, er det viktig at også staten viser at dei prioriterer kvalitet, ikkje berre med store og fine ord, men med midlar til gjennomføring. Ullensvang herad har alt starta arbeidet, og er klar til å ta fatt på neste steg så snart vedtaka og midlane kjem!